

Sandvika – Kalvestad

Frå parkeringsplassen kan ein velje om ein vil starte turen på turveg, eller gå i terrenget på sti og langs fjøra utover mot Kalvestad og Eltranaset.

Turvegen går langs fjellfoten og er derfor litt lunare enn stien langs sjøen. Der turvegen sluttar kan ein anten gå vidare på litt våt sti langs fjellfoten, eller gå ned til stien langs fjøra. Området består av eit svært gammalt kulturlandskap med tufter og utmark tilbake til jernalderen. Nokre stader er det sett opp informasjonstavler om kulturminna. Garden Kalvestad har ei lang historie tilbake i tida, og er ein naturleg stoppestad om ein ikkje vil å gå vidare til Storura for å finne hellaren med flintfunn frå steinalderen. Ein kan også gå vidare til Eltranaset og Nøringset.

Andre turmål

Sandvika er ei fin og barnevennleg badestrand med tilgang til toalett. Turen langs sjøen kan gå heilt til Eltranaset og vidare til Nøringset på sørsida av Sulaøya. Det går fleire stiar frå sørsida av Sula og tilbake til Langevåg/Sandvika. Frå Eltranaset går ein svært bratt sti opp på fjellet. Der kan ein gå via Flesjehornet og ned att mot Sandvika og slik få ein lang og krevjande rundtur.

Parkering og buss

Området har to parkeringsplassar. Den eine ligg ved tilkomstvegen til badeplassen ved Sandvika og den andre der turvegen startar.

Næraste busshaldeplassar er i Langevåg sentrum, ca. 1,3 km frå parkeringsplassen ved Sandvika og 2 km frå parkeringsplassen der turvegen startar.

Bussruter: www.frammr.no eller ring 177.

Kulturminne

Området har fleire kulturminne. Spesielt spennande for barn er hellaren ein kan gå inn i ved foten av Storura. For meir informasjon om kulturminne sjekk: www.kulturminnesok.no

Turtips:

www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Hans Petter Sandseth og May Britt Haukås.

Sandvika – Kalvestad

Ei flott barnevennleg badestrand, og spennande vandring i kulturlandskap og langs sjø på nordsida av Sula.



TURKORT! Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



Parkering



Fornminne



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Vandring på bilveg



Snu



Toalett



Badeplass



Geologi



Sandvika - Kalvestad

